



Nyeferja sjøsett

Fjord 1-ferja "Møkstrafjord" er no sjøsett ved verftet i Tyrkia. Etter planen er ferja i rute mellom Hufthamar og Krokeide fra januar 2018.

Scora i fyrste kamp

Hallðor Stenevik (17) spelte sin fyrste kamp for Nest Sotra förra sundag, då han er på län hos laget ut sesongen.

– Det var veldig kjekt å spela med nye spelarar. Eg følte eg fekk ein god start, seier fotballtalentet til Marsteinen. 20 minutt ut i kampen, scora han eitt mål. Kampen enda med ein siger på 3-0.

Birkeland blir barnevernleiar

Liv Iren Birkeland er tilsett som barnevernleiar i kommunen. Tidlegare har ho arbeidd som barnevernkonsulent i Austevoll, og starta i den nye stillinga 4. august. Liv Iren er utdanna sosionom og har studiar i psykologi på CV-en.

Ny brannsjef i kommunen

Hans Petter Bjånesøy er tilsett som ny brannsjef i kommunen, etter at John Levi Weløy går av med pensjon i oktober. Han har tidlegare jobba som brannkonstabel og har sidan 2016 vore fast tilsett i full stilling som overbrannmeister.



Det gjekk fort for seg då Inge engasjert skulle visa den nye ruta, som cox til deltarane. Løypa går altså ikkje i skjeret, om nokon skulle vera i tvil.

Ny rute, meir spenning

I år skal tre båtar på sjøen, og bygdene ro om kapp. Eit meir publikumsvenleg konsept, seier Inge Halstensen.

– Me har vore på jakt etter fleire båtar av typen seksaring, som er robåten som har vore nytta i den faste rokonkuransen under Kyngsgehegda i august. Då me ikkje fann fleire av den typen, grunna for store avvik i storleikar har me valt å gå for tre fæ-

ringar, som har om lag lik lengd, seier Inge Halstensen engasjert om forandringsane under årets konkurranse. Det vil seia at dei i år for fyrste gong kan ha tre båtar ute samstundes, framfor ein.

– Det vert mykje kjekkare, konkurransen vert nok større. Det er mykje meir motiverande å ro mot nokon, enn etter klokka, seier Veronica Møgster som er på damelaget til Kolbeinsvik

og har møtt opp på infomøte hos Inge i Bekkjarvik. Dei nye båtane er mindre, men opnar for fleire lag, då dei no kan ha fleire

skuter til sjøs på same tid. I fartya vert det plass til fire roarar, i tillegg til ein cox.

Testa løypa

Skal det først innførast nye utfordringer, må det gjeraast på alle plan. Inge Halstensen har samla ein heil gjeng i indre hamn for å opplysa om den nye ruta.

– Då må de gå om bord og gjera dykk klare til å ro, seier Inge.

– Hæ, skal me ro no? spør Elin Aarland Vaage. Lite gjer det, utfordinga tek dei på strak arm.

Damene, representert frå fleire av bygdene i Austevoll, med Inge Halstensen som cox, kjempar mot herraane som er på plass for å testa ruta.

– Me treng ein plank like under dörken som me kan ha føtene under når me ro. Då fell me ikkje bakover, seier ein kar som som innspel til Inge. Ruta er ikkje heilt klar når Marsteinen har teke turen for å vera med på møte med roarane.

– Eg har samla gjengen her så me kan bli einig om kor lang løypa skal vera og kor dei skal

snu i fellesskap, seier Inge og peikar ut mot sjøen i frå toppetasjen på Bekkjarvik kai.

– Tanken er at det skal verta meir publikumsvenleg og mykje meir spennande, og det vil det bli. No får publikum full oversikt langs moloen, til forandring frå tidlegare år – når ein berre såg start og slutt, avsluttar Inge.

M Severn Tokje
redaksjonen@marsteinen.no